



Fakulteta
Sars
Universitetsmuseet
Økonomiavdelingen

Referanse

2011/7569-ANØY

Dato

24.08.2016

Informasjonsmøte om nye retningslinjer for budsjettpost for støtte til open publisering

Sidan 2013 har Universitetet i Bergen hatt ein budsjettpost der korresponderande forfattarar tilknytt UiB har kunna søkje om å få dekt forfattaravgifter ved open publisering. Budsjettposten vart etablert som ei treårig forsøksordning og har inkludert støtte til open publisering i både opne tidsskrift, hybridtidsskrift og bøker. Det er Universitetsbiblioteket som har administrert budsjettposten.

Universitetsstyret vedtok 28.04.2016 å vidareføre budsjettposten. Vedtaket er som følgjer:

UiB fortsetter ordningen med støtte til åpen publisering etter følgende retningslinjer:

- Først gis 100 % støtte til ren åpen publisering
- Deretter gis 50 % støtte til hybridpublisering på nivå 2
- Total støtte skal være innenfor en fast årlig budsjettsum på 5,5 mill. kroner
- Støtten gis frem til og med 2019 og vurderes på nytt før 2020.

Endringene i ordningen iverksettes fra 1. oktober 2016.

Dei nye retningslinjene medfører endringar i kva forskarane kan søkje støtte til. Den største endringa er at ein ikkje lenger kan søkje om støtte til open publisering av enkeltartiklar i abonnementstidsskrift (hybridtidsskrift) på nivå 1 og berre 50 prosent til hybridartiklar på nivå 2. Vedtaket signaliserer også at støtte til rein open publisering skal prioriterast.

Dei nye retningslinjene vil medføre endringar for enkeltforskarar, fakulteta/institutta og korleis budsjettposten vert administrert og utgifter fakturert. Universitetsbiblioteket ynskjer derfor å invitere fakulteta/museet/Sars til eit møte for å informere om desse endringane. Økonomiavdelinga vil også delta på møtet.

Dette er et UiB-internt notat som godkjennes elektronisk i ePhorte

Tidspunkt: **Tysdag 13. september, klokka 10-11.30**

Stad: **Møterom 025, Bibliotek for humaniora, Haakon Shetelig's plass 7**

Universitetsbiblioteket bed om ei tilbakemelding om kven som kan delta til
tormod.stromme@uib.no

Vennlig hilsen

Maria-Carme Torras
bibliotekdirektør

Karin Cecilia Rydving
seksjonssjef